

ÅRS
BERE
TTELSE

ÅRSMELDING
BREMNES FRYSERI
2016



BREMNES SEASHORE

Bremnes Fryseri er eit holdingselskap, og eig selskapa **Bremnes Seashore, Bremnes Shipping, Salmon Brands** og **Kald Fisk** som tek seg av settefiskproduksjon, matfiskproduksjon, slakting, pakking, foredling, sal av SALMA-produkt, samt FoU-arbeid. **Bremnes Fryseri** eig 40 prosent av sals- og distribusjonsselskapet **Ocean Quality** som sel heilfisk og foredla laks.

ÅRSMELDING **BREMNES FRYSERI** 2016

Innhold

Stolt og motivert	5
Grøn gevinst for gigantutbygging	6
Våre viktigaste ressursar	8
– Me gjer ambisjonar om til resultat	12
Styret si årsmelding	13
Resultatrekneskap	16
Balanse	18
Kontantstraumoppstilling	20
Revisor si melding	21



Stolt og motivert

Me har mykje å vere stolte av

i Bremnes Fryseri. I år er det 80 år sidan far min begynte – i ein alder av 14 år – med kjøp og sal av fisk. Etter kvart overtok han heile fiskemottaket frå far sin og flytta over til Kvednavikjo. I Kvednavikjo var det den gang eit bustadhus som òg hadde fungert som landhandel. Dette var starten på ei bedrift som i dag er blitt til eit av dei største privateigde oppdrettselskapa i landet – og som kvar einaste dag leverer lakseprodukt heilt i toppen av verdsklassen. Frå den enkle starten i 1937 og fram til i dag har Bremnes Fryseri blitt eit konsern som tilsett 365 personar og som omsette for 2,4 milliardar kroner i fjor.

2016 var eit år der lakseprisen var på eit historisk høgnivå. Dette kom av at lakseproduksjonen i Noreg har stabilisert seg dei siste åra. Produksjonen har ikkje kunne dekkja opp for auka etterspørsel, og slik vil det nok også vere i nokre år framover. Det er fleire grunnar til at lakseproduksjonen ikkje aukar i takt med etterspørselen. Biologiske utfordringar, spesielt lakselus, strengare reguleringar av drifta og stopp i nye produksjonsløyver

er nokre av dei. Dette har ført til at produksjonskostnadene har gått kraftig opp. Det som var ein god laksepris for nokre år tilbake er i dag produksjonskosten.

Me i Bremnes Fryseri opplever det same. Til tross for at også me har dratt på oss auka produksjonskostnader, hadde me i 2016 eit sterkt økonomisk år. Med dette gode resultatet og ei stor investeringsvilje har eigarane og leiinga tatt viktige grep for å ruste oss for framtida. Organisasjonen er blitt kraftig styrka og me har starta eit løp med store investeringar. Dette gjer me for å møte dagens og morgondagens utfordringar og moglegheiter.

Me byggjer no eit stort og framtidretta smoltanlegg i Trovåg, der me aukar smoltvekta frå dagens 100 gram til 500 gram. Når anlegget er ferdig i 2019 vil me produsere 7 millionar 500-grams smolt. Dette reduserer produksjonstida i sjøen med mange månader og bidrar til lågare kostnader, større produksjon og meir stabilitet. Dette er ein investering på 600 millionar, og eit enormt løft for oss.

Pakkeriet vårt har hatt ei stor oppgradering dei siste åra. Dette arbeidet nærmar seg ferdigstilling ved utgangen av 2017. Dette gir oss både auka kapasitet og forbetring av kvaliteten på sluttprodukta. Dette arbeidet byrjar me alt no å sjå fruktene av. Både SALMA-produkta og heilfisk/filet som blir pakka under BÖMLO-merket vårt, blir stadig meir etterspurt. Kundane set pris på kvalitet.

Alle investeringane, saman med ein fantastisk organisasjon, gjer oss godt rusta til å møte både moglegheitene og utfordringane som kjem.

Bremnes Fryseri er blant dei fremste i norsk oppdrettsnæring – og det vil me vere i framtida òg. Tusen takk til alle våre fantastiske tilsette som står på kvar dag for å gjere dette mogleg.

Olav Svendsen
Konsernsjef,
Bremnes Fryseri

Grøn gevinst for **gigantutbygging**

Det nye landbaserte resirkuleringsanlegget i Trovåg gjer at både fisken og miljøet kan smile breitt.



– Me var ein gjeng optimistar, og me kørte løpet.



ØYVIND HARALDSEID

Seglar du innover i Ålfjorden, som markerer grensa mellom Hordaland og Rogaland så er det umogleg å ikkje få auge på det gigantiske anlegget i Trovåg som er under bygging av Bremnes Seashore.

Investeringa av det nye landbaserte resirkuleringsanlegget til 600 millionar kroner vil føre til ein produksjon med betre reinseteknologi, betre fiskevelferd, og som er betre for miljøet.

– Det er ein rimeleg lang historie frå det å sitje i den nye kantina i Trovåg, frå den dagen for 30 år sidan at me først snakka om det-

te, seier Øyvind Haraldseid, driftsleiar for anlegget og prosjektleiar for utbygginga i Trovåg, som har vore med på heile historia sidan det første oppdrettsanlegget vart bygd i Trovåg i 1986.

Første trinn av utbygginga er alt ferdig, og produksjonen i gang. Bremnes Seashore er i ferd med å innkassere ein ny verdsrekord. Det finst ikkje større landbaserte resirkuleringsanlegg i verda enn det som er i ferd med å reise seg i Trovåg.

Det skal produserast meir og større smolt, på kortare tid og med den nyaste teknologien.

Overgangen til eit landbasert resirkuleringsanlegg gjer at smoltstorleiken kan aukast frå 100–200 gram til over 500 gram. Og ikkje nok med det. Haraldseid leiker også med tanken om å doble smoltstorleiken.

– Skulle det vise seg å gå veldig bra med eit halvt kilo, så kan det å produsere kilostore fiskar på land vere aktuelt.

Bakgrunnen for at resirkulering vart eit tema var at leiinga var redde for at dei ikkje ville klare å produsere nok smolt til den veksende næringa, som hadde sett ein einestående vekst dei siste åra.



Det vart fortgang i planane, og dei første planane for utbygging av eit resirkuleringsanlegg på den eksisterande tomte i Trovåg var klare i 2013, og løyvingane på 200 millionar kroner til det første byggjesteget følgde etter. Det gjaldt utbygging av hall 1 og hall 0, som no allereie er i drift.

– Me var ein gjeng optimistar, og me kjørte løpet. No er bygginga av hall 2 alt starta, og det står berre att løyvingar til hall 3, så er heile anlegget på plass.

Planen er å vere heilt ferdig med utbygginga i 2019, med full produksjon i 2020.

– Då skal me produsere 6,4 millionar smolt på ein halv kilo kvar, seier Haraldseid.

Og med 600 millionar kroner i investeringar, seier det seg sjølv at dette ikkje er noko vanleg oppdrettsanlegg. Når Haraldseid viser oss rundt i anlegget er det høgteknologi på alle kantar. Spesielt stolt er han over vaksineringsmaskinen, som er 100 prosent automatisk, og kan vaksinere fem gonger så mange fisk som på gamlemåten.

– No er det ein leik å vaksinere. Når alt er optimalt vaksinere me 20 000 fisk i timen, og opp mot

240 000 på eit skift. Det er heilt fantastisk samanlikna med dei 50 000 ein har tradisjonelt har klart på den manuelle måten.

Den store fordelten med det gigantiske, nye anlegget er ikkje berre større, betre og meir effektiv produksjon. Det vil også vere eit stort steg i kampen mot lakselusa.

– Større smolt gjer at me får stor fisk ut frå anlegget og kan korte ned produksjonstida i sjøen, slik at me slepp den lakselusbehandlinga som me må gjere for å få produksjonen på land igjen.

Det er òg store miljøvinstar med utbygginga. Anlegget får mellom anna betre handtering av slam som i dag blir brukt saman med husdyrgjødsel i nærområdet.

Når dei nye produksjonslinjene er ferdige, skal også slammet bli tørka og seljast til forbrenning hos Norcem som i dag brukar kol som energimateriale.

Våre viktigaste ressursar

Opptaksanlegg

Fylkesnes Ole Bjarte
Jansen Gunnar
Kazlauskas Kazimieras
Mitrulevicius Robertas
Myren Reidar
Mæland Erik
Novikovas Eugenijus
Sediqi Sharif
Mohammed
Vaitkevicius Tomas

Administrasjon

Aga Turid Birgitte
Alvsvåg Silje Kathrine
Bjørnsen Geir Midtbø
Bråthen Anne Meling
Eggøy Vidar
Eide Einar
Fossøy Øyvind Bjørn
Geitung Lena
Helvik Vidar
Hoksrud Trine Lise O.
Hope Christian
Hopland Peder
Husa Arvid
Innvær Kim
Kippersund Bjørn Roar
Knutsen Geir Magne
Kringeland Ragnhild
Kvarven Vivian
Meling Anne Marie
Meling Astrid Sørensen
Meling Kristin Mæland
Nerbøvik Ida-Kathrin G.

Risnes Renate
Sortland Bodhild Hope
Steinsbø Vidar
Steinsland Synnøve Z.
Svendsen Olav
Sæverud Bjørn Willy
Sæverud Eivind
Sæverud Terje
Visti Mika
Økland Simon Nesse
Ådnanes Geir Ivar

Pakkeri

Bråthen Sigurd Hus
Butkute Karolina
Bø Hallaråker Marie
Grajauskas Aivaras
Gricius Paulius
Griskoniene Gitana
Griskonis Vaidotas
Hovland Hilde
Jasinaviciene Ieva
Karenga Arvydas
Kazlauske Monika
Keawkunya Nipaporn
Kudriasova Vladlena
Lukosiunas Arvydas
Lukosiunas Gintautas
Lukosiunas Mantas
Lungström Julia Maria
Lurins Maris
Maciauskas Rolandas
Magnusson Benjawan
Meling Ronny
Mikulskis Rolandas

Mironova Julija
Navikauskiene Edita
Palakauskas Andrius
Palakauske Vaida
Piliunas Tomas
Prochoroceva Viktorija
Prochorocevas Olegas
Rystad Anne Liv
Saheed Riyas
Sueaklang Kanokthip
Tubelyte Evelina
Ugglesjö Sandra C.
Vanagas Lukas
Vedeksiene Lina
Wickenkamp Silke
Renate

Gjeravåg

Pedersen Aksel R.
Robberstad Inge
Solheim Elin

Skålevik

Hellen Dag Helge
Hellen Gunn Agnes
Onarheim Anders Bø

Trovåg

Breivik Inger Lise
Haraldseid Håvard
Haraldseid Ørjan
Haraldseid Øyvind Jakob
Haakull Anne Brith S.
Kallevik Ida Helene F.
Larsen Marijann Belt

Zeng Giu Rong
Økland Lars Gunnar
Ånestad Jorunn

Oppdrett Hordaland

Bruun Jørn-Rune
Bø Kjetil Lavik
Dale Eirik Horne
Dror Adi
Eriksen Ole Petter
Ervik Bjarte
Ervik Magnar
Gausvik Benjamin
Grotnes Tor Gunnar
Hesvik Øyvind
Holland Kristian
Holmen Cato Rene
Hope Bernhard S.
Horne Øyvind Nordeide
Hovland Jan Henrik
Jensen Håkon
Jensen Leif Steinar
Kaldefoss Simen
Kanarskas Raimondas
Katla Kristian
Krogsæther Roger M.
Kvarven Frode
Larsen Kim Joar
Litlabø Einar
Lundal Vidar
Makarjan Arthur
Mæland Mariann
Mørtzell Stian
Omdal Morten
Riple Lars André B.

Rumjancevs Viktors
Røsvik Henrik H.
Selsvik Dag-Kjetil
Simonsen Ida Charlene
Stavland Trond
Steinsbø Lars Erik
Stokkenes Hans Marius
Stokkenes Hans Torleif
Strømø Susanne
Søvold Geir Olav
Søvold Thomas
Toen Jarle Jensen
Vik Anders Eidet
Økland Alfred
Økland Sigve
Økland Vidar
Aasheim Dag Eirik

Oppdrett Rogaland

Alsvik Stig Arvid
Berge Aina
Berglund Egil Andreas
Breivik Knut
Breivik Kolbjørn August
Bø Alf Anders
Chmielinski Adrian
Eike Jostein
Fiskå Krister
Grytdal Hanne
Grytdal Hege
Hageland Vidar
Hansen Eskil
Holthe Kevin
Husebø Stian
Høines-Larsen Glenn

Johannessen Klaus
Andreas
Knudsen Glenn Egil
Kvarven Line
Langvik Jarle
Næss Ane Johanne
Pongsakased Nattasit
Reinhaug Øystein
Romaniszyn Robert
Sigmundstad Torstein
Sitter Tom Bjarne V.
Steine Lars Vegar
Steinsvik Trond
Svabø Eirik
Sædberg Silje Kristin
Thorbjørnsen John
Henrik
Tungland Roger Bergøy
Wigdahl Henriette
Wågen Camilla
Wåland Mikael

Logistikk

Barqawi Ahmad Sharif
Boncuks Aleksandrs
Butkus Saulius
Durecek Marcel
Fosse Stian
Jasinavicius Mantas
Lutro Jon Kjetil
Magnusson Hans
Mammadi Ali
Merenkov Vladimir
Nakutis Nerijus
Navikauskas Aistis

Panchenko Germans
Salih Jihad
Sortland Bjarne
Stankevicius Darius
Wozniak Dagmara

Vedlikehold

Folgerø-Holm
Melankton L.
Grindheim Joachim G.
Gåsland Benedikte
Habbestad Erik
Habbestad Odd K.
Kloven Stine
Kvarven Sebastian
Mathiassen Kjell Gunnar
Rolfsnes Olaf
Selle Knut
Stokke Geir Petter
Sørvik Bjørn Ketil
Undheim Stein Arne
Økland Audun

Kantine

Hamre Anette
Hjellbakke Anita
Mæland Dagne Rannveig
Nesse Randi Paulsen
Nguyen Hiep Ngoc
Rumjanceva Anna
Simonaviciene Ausra
Sæverud Reidun

Foredling

Abaksina Alona
Abaksins Vladimirs
Abraham Dusan
Ahmadi Hassan
Akbery Golam Heider A.

Alagic Anel
Alagic Dobrila
Almedom Tsegezab
Arlauskaite Elvyra
Auzbikevicius Dovile
Auzbikevicius Kestutis
Bjelland Randi

Brundziene Jurgita
Brundziene Rasina
Daland Per Øyvind
Folgerø-Holm Gustav
Geitung Irene J.
Ghebreyesus Fetzum
Sebhatu
Gjøsaeter Bodil Karin
Gumbinas Tomas
Habbestad Ragna I.
Habbestad Rita H. B.
Haidary Abdul Ahad
Helgaland Kristine V.
Hidle Lina
Hosseini Mina

Hovland Annlaug Regine
Hrehorova Viera
Håvik Sven Kristian
Innvær Kitty-Margrethe
Innvær Sissel Elin G.
Johnsen Marit
Kanarskiene Egle
Katla Johnne
Khogianai Mohammad
Ibrahim
Kondratjuka Dana
Krincyn Aleksandr
Krincyna Jolita
Lapeniene Irma
Larsen Bjørg Helen
Larsen Janne

Larsen Simon H.
Le Huynh Hoa Thi
Lidal Hanne Grethe
Lidal Ruth
Linkeviciene Diana
Linkevicius Romas
Lukjanska Alina
Meling Odin Sagvåg
Naujokaitis Evaldas
Navikauskiene Mintara

Nesse Jenny
Nesse Jorunn
Nguyen Oanh Hong
Novade Sana
Olsen Anette
Pacevicius Vytautas
Pleskus Marius
Pleskuviene Justina
Rahimi Kabir
Ramanauskas Ramunas

Rascius Irmantas
Rasciuviene Andzelika
Rezaee Mohammad
Nasim
Rezaee Zabi
Rukkusol Pattarapan
Salanova Leticia Segura
Salih Bootan Mustafa
Santana Thomas Ø.
Selle Liv Tori
Selle Wirawan
Sortland Martin
Stensen Mailinn
Stevanovic Vesna
Sæverud Magda
Sørvik Vibece
Søvik Marianne
Tamosaitiene Anastasija
Tamosaitis Ernestas

Tkabo Girmay
Tverborgvik Inga Marie
Meling
Uogintas Alikas
Vaicaityte Renata
Valciukas Arunas
Valciukienė Audronė
Vanagas Svajunas
Vanagiene Sandra
Vold Kåre Jan
Voras Arunas
Voriene Milda
Wang Lina
Wathne Monica
Ynnesdal Gro Anita
Ytrøy Solfrid
Zekic Mersija
Ånderå Trond

Teknisk sjø

Amland Oliver M.
Ersland Idar
Farestveit Tore
Grutle Øyvind
Helgesen Ernst Olav
Hollund Alexander
Karlson Dan Viste
Larsen Martin Torland
Meihack Trym Eidem
Melberg Bernt
Natterøy Thomas
Notland Asgeir
Piscopo Terje Antonio
Selle Johan Flatebø
Valø Jørn
Walkosz David

Innleigde opptak
Ziulpys Remigijus

Innleigde foredling
Andrejaitiene Gitana
Canis Alvidas
Daukantas Justinas
Duda Pavol
Ganevic Viktorija
Nowicka Justyna
Priveda Juras
Rudokaite Ilona
Smalakiene Singirita
Vedeksyte Dovile
Wojtas Adam

Innleigde pakkeri

Bonarev Viktor
Cizikas Andrius
Fedorcenko Evaldas
Petravicius Remigijus
Sestokas Giedrius
Stasiunias Dangirutis

Salmon Brands Norge

Altø Eva
Balichi Alush
Bjerland Ann-Birgith
Ervik Hanne
Fjæra Svein Olav
Gitlesen Linda
Henden Marit
Håland Ingrid
Jenssen Kristin
Johnsen Karine
Kalvenes Ellen M
Klaussen Ina Marlene
Leopold Tine
Hammernes
Lervik-Mørck Bjarne
Lillehagen Magnus
Løkka Line

Manseth Even
Monsen Christine
Okkenhaug
Nilsen Sølvi Janne
Sandqvist Jonas
Sandum Anne Gro
Saxeboel Inger
Selebø Brit Randi
Tvedt Siri Kaasbøll
Østenfor Emil Rognstad

Salmon Brands Sverige

Gyllenhammar Peter
Högberg Stefan
Selin Fredrik
Wolnik Karolina

Salmon Brands Frankrike

Djededoua Ilhem
Gentil Romain
Hanssen Trude
Masia Kristel
Patuano Liv Sonja
Lyngås

Karmsund Shipping – «Eva Elisabeth»

Egeland Tor
Fagerland Leif
Helgesen Einar
Hårvik Filip
Kristoffersen Odd Ove
Simonsen Stig Andre
Skare Steffen
Susort Arne Fredrik
Wiers Mats
Aasheim Ole Magnus

Me har egne settefiskanlegg og matfiskkonsesjonar i Rogaland og Hordaland

3
Settefisk-anlegg

21
Matfisk-konsesjonar

3
FoU-konsesjonar



MATFISK




SETTEFISK



ADM/SLAKTERI/
VIDEREFOREDNING

SAL (SALMON BRANDS + SE + FR)



27 ANLEGG
I NI KOMMUNAR



BØMLO



SVEIO



KVINNHHERAD



JONDAL



VINDAFJORD



FINNØY



STRAND



SANDNES



FUSA

BREMNES FRYSERI AS

Morselskap i konsern,
eigedom og aksjar

BREMNES SEASHORE AS (100 %)

Smolt, matfisk, pakking og foredling

SALMON BRANDS AS (100 %)

Marknadsføring og sal av SALMA-produkt

BREMNES SHIPPING AS (100 %)

Rederi og drift av «Eva Elisabeth»

KALD FISK AS (100 %)

FoU-selskap

SØLVFISK AS (100 %)

Konsesjon smoltproduksjon

OCEAN QUALITY AS (40 %)

Sal og distribusjon av heilfisk og foredla laks

SÆVAREID FISKEANLEGG AS (16,67 %)

Produksjon av smolt

– Me gjer ambisjonar om til resultat

Kor nøgd er du med året?

Året har vore prega av store kontrastar, med kraftig medvind i marknaden og samtidig store utfordringar med produksjonen. Men totalt sett var endringa i marknaden meir positiv enn kostnadsauken knytt til biologiske utfordringar. Me fekk eit resultatmessig rekordår i 2016, og det er me trass alt godt nøgd med. Det gir oss eit godt grunnlag for vidare vekst.

Kva slags utfordringar har det vore knytt til produksjonen?

Først og fremst har me i likskap med andre i bransjen utfordringar med virusrelaterte sjukdommar og lakselus i sjø. Det pregar biletet både for oss og for andre.

Kva faktorar skal til for å lukkast i åra som kjem?

Me må halde fokuset på å sikra betre kontroll på produksjon i sjø,

både i dagleg drift og i investeringar framover: på sjø må ein arbeide vidare med førebygging og behandling mot lakselus. Her må det innovasjon og nytenking til. Me vil halde fram med inves-



– Me er i ei næring i vekst og utvikling, og me arbeider heile tida for å bidra til at suksessen utviklar seg.



EINAR EIDE

teringar i stor smolt-produksjon, som bidreg til redusert produksjonstid i sjø. Det vil redusere risikoen for sjukdom og føre til mindre utfordringar med lakselus.

Om 10 år, korleis trur du sjukdomssituasjonen vil sjå ut?

Eg trur at me har funne løysingar på dei utfordringane me har i dag med lakselus. Biologisk produksjon er i konstant rørsle, og det vil vere konstante endringar. Det inneber at me vil møte nye utfordringar i åra som kjem. Me og næringa har erfaring med dette. Som selskap trur eg me om 10 år er løfta svært mykje industrielt.

Kva gjer deg mest engsteleg i framtida?

Den galopperande kostnadsutviklinga er ei utfordring for oss og øvrige aktørar i norsk lakseproduksjon. Me ser litt dei same trendane som i oljenæringa. Det

handlar i hovudsak om konkurranseevna vår. Me konkurrerer ikkje berre mot laks produsert i andre land, men med anna matvareproduksjon. Det er viktig at me er kostnadseffektive slik at me klarar å levere eit produkt til marknaden som også kan konkurrere på pris.

Og kvifor kjem Bremnes Seashore til å lukkast i denne marknaden?

No er me så heldige at marknaden har sikra oss eit godt resultat og det gjer det mogleg å investere tungt i tiltak som bidreg til at me lukkast i framtida. Det er viktig å ta tak i dei utfordringane me har, og arbeide for vidare vekst og utvikling. Me gjer ambisjonar om til resultat, og det fokuset har me framleis. Me er i ei næring i vekst og utvikling, og me arbeider heile tida for å bidra til at suksessen utviklar seg.

Styret si årsmelding

Verksemda sin art og lokalisering

Bremnes Fryseri AS er eit holdingselskap med kontor i Bømlo kommune. Verksemda til morselskapet omfattar drift av eigedommar og investering i andre føretak.

Konsernet har hovudkontor i Bømlo kommune med produksjonsavdelingar i Hardanger, Sunnhordland og Rogaland og salskontor i Bergen og Oslo. Verksemda til konsernet omfattar i all hovudsak oppdrett av settefisk og matfisk, samt slakting, pakking, frysing, foredling og sal av oppdretta laks og lakseprodukt.

Finansielle forhold

Verksemda Bremnes Fryseri AS oppnådde i 2016 eit resultat før avskrivningar på 10,9 millionar, eit driftsresultat på -1,5 millionar og resultat før skatt på 204,5 millionar, der motteke

konsernbidrag utgjer totalt 201,0 millionar kroner. Netto finanspostar var positive med 206,1 millionar.

Verksemda Bremnes Fryseri AS oppnådde netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar på -52,9 millionar.

Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar vart -9,2 millionar og netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar 32,7.

Konsernet har i 2016 hatt ein auke i omsetninga. Vesentleg auka salsprisar, samt ei mindre auke i volum har bidrege til ein auke i omsetning på heile 40 %. Konsernet si hovudverksemd, produksjon av laks har og i 2016 vore prega av utfordringar med lakselus. Dette har ført til ei auke i produksjonskost. Konsernet

sitt driftsresultat før avskrivningar (EBITDA) enda på 446,5 millionar, driftsresultatet vart 314,8 millionar og resultat før skatt vart 316,2 millionar. Konsernet sine netto finanspostar i 2016 var 1,4 millionar.

I 2016 var netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar 491,0 millionar, netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar var -257,9 millionar og kontantstraum frå finansieringsaktivitetar utgjer -132,1 millionar for konsernet. Investeringane i 2016 var betydelege. Den klart største investering er utbygginga av anlegg for produksjon av stor smolt. Dette vil redusere produksjonstida i sjø vesentleg og sikre betydeleg betre kontroll på biologisk produksjon.

Styret meiner at års- og konsernrekneskapen gir eit rett bilde av

konsernet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Konsernet er eksponert for finansiell risiko i form av marknadsrisiko, valutarisiko, kredittisiko og likviditetsrisiko. I den grad konsernet ser det som naudsynt har ein styrt risikoen ved bruk av finansielle instrument og forsikringsordningar.

Tilsette

Ved slutten av året er det 365 tilsette i verksemda fordelt på 123 kvinner og 242 menn. Av disse er to menn tilsette i morselskapet. Konsernsjef er mann, og den operative leiinga i konsernselskapa består av totalt 17 personar, der 11 er menn, og seks er kvinner. Uavhengig av ynskja om likestilling mellom kjønna har konsernet i sin rekrutteringspolitikk og avlønningssystem alltid lagt vekt på

NØKKELTAL I MILLIONAR NOK

BREMNES FRYSERI AS

	Mor		Konsern	
	2016	2015	2016	2015
Driftsresultat før avskrivningar (EBITDA)	10,9	14,5	446,5	193,5
Driftsresultat (EBIT)	-1,5	4,8	314,8	95,0
Netto finanspostar	206,1	42,5	1,4	-10,0
Resultat før skatt	204,5	47,3	316,2	84,9
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	-52,9	6,6	491,0	83,1
Netto kontantstraum frå investeringsaktiviteter	-9,2	-19,9	-257,9	-250,4
Netto kontantstraum frå finansieringsaktiviteter	32,7	5,1	-132,1	146,9

at det er den enkelte sin kompetanse og innsats som er avgjerande. Styret vil gje ros til dei tilsette for deira store innsats gjennom året.

Det har vore høgt fokus på sjukefråvær og tiltak på området. Det totale sjukefråværet i selskapet var 5,1 % i 2016, og H-verdi vart 19,8.

Diskriminering

Diskrimineringslova sitt formål er å tryggja likestilling, sikra like moglegheiter og rettigheter og å hindra diskriminering. Konsernet arbeidar aktivt, målretta og planmessig for å sikra lovens formål innanfor vår verksemd. Aktivitetane omfattar blant anna rekruttering, lønns- og arbeids-

vilkår, karriere og beskyttelse mot trakassering.

Konsernet har som mål å vera en arbeidsplass der det ikkje førekjem diskriminering på grunn av redusert funksjonsevne. Konsernet arbeidar aktivt og målretta for å utforma dei fysiske forholda slik at verksemda sine ulike funksjonar kan nyttast av flest mulig.

Helse, miljø og sikkerhet

HMS er eit arbeid som aldri kan seiast «ferdig». Det er viktig for Bremnes Fryseri-konsernet å ha eit levande, kontinuerleg HMS-system. Konsernet har to hovedverneombod og elleve verneombod fordelt på av-

delingane. Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har halde fire møte i 2016.

Operativ verksemd har høgt fokus på sikkerheit. Ein har investert mykje i nytt og sikkert utstyr. I tillegg har konsernet bemanna opp for å sikra trygge arbeidsforhold og god kapasitet til dagleg drift og oppfølging.

Ytre miljø

Konsernet overvaker nøye sjøkvalitet og påverknad av botnforholda rundt anlegga for å sikre ei berekraftig drift utan større fotavtrykk på miljøet.

Lakselus har òg i 2016 vore ei utfordring for selskapet. Som nemnt under finansielle forhold har dette

påverka resultat i året. For å møte utfordringane på ein betre måte har verksemda gjennomført ei rekke tiltak med blant anna satsing på førebyggjande og ikkje-medikamentell behandling mot lakselus.

Selskapets FoU-aktivitet

I konsernet har ein som målsetting å drive aktivt med FoU. Arbeidet har vore konsentrert om utvikling og forbetring av kvalitet i slakte- og foredlingsprosessen, utvikling av nye foredla kvalitetsprodukt, samt tiltak mot lakselus. Selskapets FoU-aktivitetar blir utført i nært samarbeid med norske forskingsmiljø.

Marknadstilhøve/utsikter framover

Etterspurnaden etter sunn, trygg og god mat er sterk og saman med godt marknadsarbeid har eksisterande og nye marknader teke unna det som vert produsert. Situasjonen i dag er ein etterspurnad over det ein klarar å produsera. Dette gjer at føresetnaden for ein sterk marknad dei neste åra er god.

Selskapet har dei siste åra investert betydeleg i oppbygging av biomasse og driftsutstyr som sikrar ei målretta effektiv drift av matfiskverksemda. Det er òg satsa betydeleg i nytt land-

basert opptaksanlegg som skal bidra til ei god vidareutvikling av kvaliteten til konsernet sine merkevarer. Den største investeringa i konsernet vert gjort på smoltsida. Dette vil gi betydeleg produksjonskapasitet på stor smolt som vil redusere produksjonstid i sjø og auke framtidig produksjon betydeleg.

Med bakgrunn i dette vert det i samsvar med regnskapslova § 3-3 stadfesta at føresetnaden om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Resultat og disponeringar i Bremnes Fryseri AS

Bremnes Fryseri AS hadde i år 2016 eit års-/konsernresultat på 205,7/247,7 millionar mot eit samanlikna års-/konsernresultat på 47,8/74,2 millionar året før.

I 2016 er det utbetalt utbytte på kr 20 000 000,-.

Styret foreslår følgjande disponering av årsresultat for 2016 på kr 205 704 164,-:

Utbytte:


kr 20 000 000,-

Overført til anna eigenkapital:


kr 185 704 164,-



Bremnes, 28. mars 2017




Øyvind Fossøy



Liv Kari Eskeland



Laila Knarvik



Bjørn Willy Sæverud



Olav Svendsen

Resultatregneskap

MOR - 01.01-31.12			KONSERN - 01.01-31.12			
2016	2015	Note*		Note*	2016	2015
16 404 990	16 048 940	2	Salsinntekter	2	2 352 426 458	1 679 882 251
0	0		Andre driftsinntekter		7 452 709	4 309 829
16 404 990	16 048 940		Sum driftsinntekter		2 359 879 167	1 684 192 081
0	0		Beholdningsendring varer	4	-17 127 674	-52 181 420
0	0		Varekostnader		1 435 556 808	1 102 492 468
2 971 669	340 383	6	Lønnskostnader	6	252 818 795	219 896 891
12 448 647	9 728 363	12	Ordinære avskrivningar	12,13	131 757 809	97 122 704
0	0		Nedskr. av varige driftsm. og immat. eigned.	13	0	1 410 788
2 534 309	1 199 932	6,9	Andre driftskostnader	6,9	242 091 825	220 497 524
17 954 625	11 268 677		Sum driftskostnader		2 045 097 562	1 589 238 955
-1 549 635	4 780 263		Driftsresultat		314 781 605	94 953 126
12 929 424	0		Inntekt frå investering i tilknytt selskap	7	31 407 079	13 407 303
201 019 386	52 710 716	7	Konsernbidrag frå datterselskap		0	0
775 908	349 518		Renteinntekt frå føretak i same konsern		0	0
215 040	246 093		Andre renteinntekter		260 130	380 839
0	0		Andre finansinntekter		4 215 973	6 799 064
8 848 561	10 797 164		Andre rentekostnader		31 200 139	28 816 944
0	0		Andre finanskostnader		3 239 968	1 795 137
204 541 561	47 289 426		Ordinært resultat før skattekostnad		316 224 680	84 928 250
-1 162 603	-519 978	10	Skattekostnad på ordinært resultat	10	68 517 524	10 693 604
205 704 164	47 809 404		Ordinært resultat		247 707 156	74 234 646
			Bruk av årsresultatet			
185 704 164	32 809 404	11	Avsatt til anna eigenkapital		0	0
20 000 000	15 000 000	11	Utbytte utbetalt	11	20 000 000	15 000 000
0	0	11	Overført frå anna eigenkapital		0	0
0	0		Majoriteten sin del	11	227 707 156	59 234 646
205 704 164	47 809 404		Sum bruk		247 707 156	74 234 646

Nøkkeltal

i 1 000 NOK

	2016	2015	2014	2013	2012
Driftsinntekter	2 359 879	1 684 192	1 379 845	1 503 652	1 132 531
EBITDA	446 539	193 487	184 915	361 387	128 205
Driftsresultat (EBIT)	314 782	94 953	96 387	278 275	55 274
Resultat før skatt	316 225	84 928	78 686	263 332	44 153
Sum eigendeler	2 057 762	1 818 688	1 528 672	1 481 375	1 350 406
Sum egenkapital	948 296	720 851	661 531	642 064	460 256
Netto renteberande gjeld	514 474	727 618	549 988	440 787	646 234
Eigenkapitalprosent	46,1 %	39,6 %	43,3 %	43,3 %	34,1 %
Bokført verdi pr. konsesjon	6 820	6 860	6 920	6 553	6 557

Omsetning

i 1 000 000 NOK



Eigenkapital

46,1 %

VEKST

40,1 %

Overskotsgrad

14,7 %

Balanse

MOR - 31.12-31.12				KONSERN - 31.12-31.12			
2016	2015	Note*		Note*	2016	2015	
EIGEDELAR							
Anleggsmiddel							
<i>Immaterielle egedelar</i>							
0	0		Forskning og utvikling	13	0	1 041 141	
0	0		Konsesj., patent, lisensar, varemrk. o.l rettigh.	5,13	143 214 352	144 057 047	
4 075 766	2 913 163	10	Utsatt skattefordel	10	0	0	
0	0		Goodwill	13	95 284 848	113 819 112	
4 075 766	2 913 163		Sum immaterielle egedelar		238 499 199	258 917 299	
<i>Varige driftsmiddel</i>							
146 144 386	133 679 902	5,12	Tomter, bygninger og anna fast eigedom	5,12	356 505 149	222 620 156	
4 361 158	7 166 093	5,12	Maskiner og anlegg	5	531 322 973	506 686 029	
0	0		Transportmiddel	5,12	1 373 046	1 206 421	
0	0		Driftsløsøre, inventar, verktøy, kont.mask. o.l	5,12	4 395 778	3 532 793	
150 505 544	140 845 994		Sum varige driftsmiddel		893 596 946	734 045 398	
Finansielle anleggsmiddel							
280 690 719	280 690 719	5,7	Investeringar i datterselskap		0	0	
54 565 143	28 538 735	3,14	Lån til føretak i same konsern		0	0	
4 000 000	4 000 000	7	Investeringar i tilknytt selskap	7	52 518 999	34 041 344	
10 151 200	10 151 200	8	Investeringar i aksjar og andelar	8	12 095 952	12 095 952	
0	0		Langsiktige fordringar	3	7 221 568	11 585 695	
349 407 062	323 380 654		Sum finansielle anleggsmiddel		71 836 520	57 722 992	
503 988 372	467 139 811		Sum anleggsmiddel		1 203 932 665	1 050 685 689	
Omløpsmiddel							
<i>Varer</i>							
0	0		Råvarer	4,5	23 219 936	25 251 922	
0	0		Fisk i sjø	4,5	565 553 990	543 859 332	
0	0		Ferdig eigentilverka varer	4,5	4 419 564	6 954 563	
0	0		Sum varer		593 193 490	576 065 816	
<i>Fordringar</i>							
0	10 225		Kundefordringar	5	124 591 743	165 938 216	
202 462 209	54 752 190	14	Andre fordringar		26 379 410	17 353 726	
202 462 209	54 762 415		Sum fordringar		150 971 154	183 291 942	
63 762 034	93 156 787	5,15	Bankinnskudd, kontantar og liknande		109 664 640	8 644 016	
266 224 243	147 919 201		Sum omløpsmiddel		853 829 283	768 001 774	
770 212 614	615 059 013		Sum egedelar		2 057 761 948	1 818 687 463	

MOR - 31.12-31.12
KONSERN - 31.12-31.12

2016	2015	Note*		Note*	2016	2015
EIGENKAPITAL OG GJELD						
Eigenkapital						
<i>Innskutt eigenkapital</i>						
6 100 000	6 100 000	11	Aksjekapital	11	6 100 000	6 100 000
29 031 512	29 031 512	11	Overkurs	11	26 058 525	26 058 525
14 632 629	14 632 629	11	Innskutt annen eigenkapital	11	0	0
49 764 141	49 764 141		Sum innskoten eigenkapital		32 158 525	32 158 525
<i>Opptjent eigenkapital</i>						
412 800 974	227 096 810	11	Annan eigenkapital	11	916 137 285	688 692 519
0	0	11	Minoritetsinteresser	11	0	0
412 800 974	227 096 810		Sum opptent eigenkapital		916 137 285	688 692 519
462 565 115	276 860 951		Sum eigenkapital		948 295 810	720 851 044
Gjeld						
<i>Avsetning for forpliktingar</i>						
0	0	6	Pensjonsforpliktingar	6	5 427 261	4 129 723
0	0	10	Utsett skatt	10	148 134 517	157 203 056
0	0		Sum avsetning for forpliktingar		153 561 778	161 332 779
<i>Anna langsiktig gjeld</i>						
299 688 663	299 688 663	5	Gjeld til kredittinstitusjonar	5,12	624 138 835	618 130 445
299 688 663	299 688 663		Sum anna langsiktig gjeld		624 138 835	618 130 445
<i>Kortsiktig gjeld</i>						
0	0	5,15	Gjeld til kredittinstitusjonar	5,15	0	118 131 694
3 318 380	3 696 406		Leverandørgjeld		173 942 068	141 160 276
0	0	10	Betalbar skatt	10	75 821 194	9 481 907
399 129	230		Skyldig offentlege avgifter		30 827 478	21 516 878
4 241 329	34 812 764	14	Anna kortsiktig gjeld	14	51 174 785	28 082 441
7 958 837	38 509 400		Sum kortsiktig gjeld		331 765 525	318 373 196
307 647 500	338 198 063		Sum gjeld		1 109 466 139	1 097 836 419
770 212 614	615 059 013		Sum eigenkapital og gjeld		2 057 761 948	1 818 687 463

Bremnes, 28. mars 2017



Olav Svendsen




Laila Knarvik



Bjørn Willy Sæverud



Liv Kari Eskeland



Øyvind Fossøy

Kontantstrømoppstilling

MOR - 31.12-31.12			KONSERN - 31.12-31.12		
2016	2015		2016	2015	
		Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter			
204 541 561	47 289 426	Resultat før skattekostnad	316 224 680	84 928 250	
0	0	Betalt skatt i perioden	-11 246 776	-51 568	
0	0	Tap/gevinst ved sal av anleggsmiddel	99 049	59 881	
12 448 647	9 728 363	Ordinære avskrivninger	131 757 809	97 122 704	
0	0	Nedskrivning anleggsmiddel	0	1 410 788	
10 225	-10 225	Endring i varelager og kundefordringer	24 218 799	-145 191 260	
-378 026	1 980 061	Endring leverandørgjeld	32 781 792	46 009 563	
0	0	Endring i pensjonsmiddel/-forpliktingar	1 297 538	258 102	
-239 975 218	-66 337 114	Postar klassifisert som inv.- eller finansieringsaktiviteter	-27 042 952	-20 917 185	
-29 573 887	13 973 473	Endring i andre tidsavgrensingsposter	22 911 270	19 430 484	
-52 926 698	6 623 984	Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	491 001 210	83 059 759	
		Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter			
0	0	Innbetalinger ved sal av varige driftsmiddel	796 000	3 335 226	
-22 108 196	-18 437 196	Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmiddel og imm.eiend.	-271 582 706	-253 742 542	
0	0	Innbetalinger ved sal av aksjar/andelar i andre føretak	0	0	
0	-1 500 000	Utbetalinger ved kjøp av aksjar/andelar i andre føretak	0	0	
12 929 424	0	Mottatt utbytte	12 929 424	0	
-9 178 772	-19 937 196	Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-257 857 282	-250 407 316	
		Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter			
0	0	Netto endring langsiktig gjeld til kredittinstitusjon	6 008 390	148 441 782	
0	0	Netto endring kortsiktig gjeld til kredittinstitusjon	-118 131 694	13 499 270	
0	0	Inn-/utbetalinger av egenkapital	0	0	
-20 000 000	-15 000 000	Utbetalinger av utbytte	-20 000 000	-15 000 000	
52 710 716	20 063 876	Mottatt konsernbidrag	0	0	
32 710 716	5 063 876	Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	-132 123 304	146 941 052	
0	0	Valutakursendringer, kontantar og kontantekvivalenter	0	0	
-29 394 754	-8 249 337	Netto endring i kontantar og kontantekvivalenter	101 020 623	-20 406 505	
93 156 787	101 406 123	Kontantar og kontantekvivalenter 01.01	8 644 016	29 050 521	
63 762 033	93 156 787	Kontantar og kontantekvivalenter 31.12	109 664 640	8 644 016	



BREMNES SEASHORE

Bremnes Fryseri AS

Øklandsvegen 90, 5430 Bremnes
Sentralbord: Tlf 53 42 82 00 – Fax 53 42 82 01
E-post: bremnes@seashore.no

www.seashore.no
www.salma.no

Design og utforming: **SYDVEST**
Foto: Magne Langåker og Øyvind Sætre